

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Vår dato: 31.07.2015
Vår ref.: 200901236-46
Arkiv: 312 / 078.3Z
Deres dato:
Deres ref.:

Saksbehandler:
Tor Carlsen

Oversendelse av klage på vedtak om avslag på søknad om Mundalselvi kraftverk i Sogndal kommune

Vedtaket om avslag på søknad om tillatelse til bygging av Mundalselvi kraftverk er påklaget av Sognekraft AS og av grunneierne til kraftverket.

Klagene er gitt innen klagefristen og tilfredsstillende de øvrige vilkår for klagerett i forvaltningslovens kapittel VI. NVE har forberedt klagene i tråd med forvaltningsloven § 33.

Vi kan ikke se at klagen gir grunnlag for å endre vårt vedtak av 27.2.2015. Klagen oversendes derfor til Olje- og energidepartementet (OED) for endelig avgjørelse.

Bakgrunn for saken

NVE mottok søknad datert 1.11.2013, om tillatelse til bygging og drift av Mundalselvi kraftverk i Sogndal kommune i Sogn og Fjordane. Saken ble sendt på høring den 22.11.2013 sammen med seks andre saker i Sogndal kommune. Den 27.2.2015 avslo NVE søknaden om Mundalselvi kraftverk siden tiltaket vil føre til en vesentlig reduksjon i landskapsverdiene i Mundalen og forringe opplevelsesverdien av et område med stor verdi for friluftsliv. NVE la også vekt på at en utbygging av Mundalselvi kraftverk vil ha negative virkninger for anadrom laksefisk i vassdraget.

Klagen

Både Sognekraft AS og grunneierne klager på avgjørelsen og mener det bør gis konsesjon til Mundalselvi kraftverk. Sognekraft AS begrunner klagen på følgende vis:

«Etter vår oppfatning har ikke NVE i tilstrekkelig grad vurdert alternative løysingar eller meir omfattande avbøtande tiltak som vilkår i samband med utbygging av kraftverket.

Saman med grunneigarane, som er svært skuffa over NVE sitt vedtak, vil Sognekraft fremja ei alternativ løysing med meir omfattande avbøtande tiltak. Dette gjeld utbygging utan overføring av vatn frå Botnagrovi, noko som vil auke restvassføringa frå om lag kote 160, betra tilhøva for auren og forbetre landskapsopplevinga. I rapporten «Samla vurdering av småkraftutbygging i Fjærland» utført av Luster Energiverk AS på oppdrag frå Sogndal kommune er Botnagrovi

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

vurdert til -1 medan Mundalselvi er vurdert til 2. Til samanlikning er dei prosjekta som har fått konsesjon vurdert som følgjer i samlerrapporten: Tverrdalselvi 3, Bøyaelvi 2 og Botna 0.

Ein vil også fremja løysinga med alternativ kraftstasjonsplassering på kote 115 i staden for kote 93. Dette vil medføre at om lag 550 m kortare elvestrekning vert påverka av utbygginga, noko som vil betra tilhøva for auren og forbetre landskapsopplevinga.

I sum vil desse 2 tiltaka redusere lengda på røyrkata med 58 %, frå om lag 2.500 m til 1.050 m. Redusert inngrep i naturen i form av vesentleg kortare røyrgate, vil også påverke landskapsopplevinga positivt i høve til opphavleg utbyggingsplan. Årleg middelproduksjon vert redusert frå 15,8 GWh til 13,2 GWh.

Dersom dette framleis ikkje er tilfredsstillande i høve til landskapsopplevinga, kan kraftlinja leggast som jordkabel deler av dalen langs eksisterande veg.»

Grunneierne begrunner klagen med følgende:

«Grunneigarane ved Mundalselvi viser til NVE sitt brev av 27.02.2015 med avslag til bygging av Mundalselvi kraftverk og vil med dette klage på vedtaket.

Etter å ha lese NVE sitt avslag, sit grunneigarane til Mundalselvi att med eit klart inntrykk av at NVE er forplikta til å seie nei til ein viss andel kraftverk og at Mundalselvi er komen i denne boksen. Argumentasjonen mot prosjektet blir difor deretter, sjølv om hovuddelen av prosjektet er ganske likt andre i Sogndalspakken som har fått konsesjon.

Me ser i avslaget at NVE blant anna meiner at utbygging i Botnagrovi vil utgjere eit svært synleg inngrep og at dette er negativt for friluftsliv/natur og me er difor overraska over at ikkje NVE går inn for eit prosjekt der Botnagrovi blir teken bort og kraftstasjonen blir plassert ved alt. 2 (kote 115). Dette ville ha gjort inngrepa i området betydelig mindre og me ser at NVE gjer slike grep i andre prosjekt som har fått konsesjon.

Som antyda ovanfor, meiner me at Mundalselvi (utan utbygging av Botnagrovi) er ganske likt andre prosjekt som har fått konsesjon, særleg hadde me forventta at Mundalselvi og Tverrdalselva (Bøydalen) ville bli behandla likt i konsesjonshandsaminga då desse to vassdraga har mykje som er felles, noko somme her vil gje døme på:

- Begge prosjekta har inntak i nærleiken av stølsområde (Fjellstøl) og begge inntaka ligg inne i eit område som er definert som "nasjonalt viktig turistområde".

- Begge prosjekta har kraftstasjon i nærleiken av stølsområde (Mundalselvi har kraftstasjon alt. 2 ca. 500 m frå Heimastølen. Tverrdalselva har kraftstasjon ca. 200 m frå Bøyaheimastølen).

- Begge har turpost i opplegget "Ut frå asfalten" på fjellstølen i nærleiken av inntak og er difor brukte ein del til turgåing. I prosjektet i Mundalselvi er det teke omsyn til dette og røyrkata er lagt på den sida av elva som ikkje har tursti. I Tverrdalselva er det ikkje teke omsyn til turstien.

- I begge dalføre er det bygd skogsbilveg eit stykke inn i dalen og traktorveg vidare (i Mundalsdalen opp til kote 240, i Tverrdalen opp til kote 220).

- Inngrepa ved utbygging er ikkje synlege frå bygda eller frå offentleg veg.

- Dalføra ligg nær kvarandre og endar i det same området inn mot Jostedalsbreen nasjonalpark (ved breen Troget), men begge dalføra er lite brukt som innfallspport til nasjonalparken.

- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har i høyringsrunden gjeve ei forholdsvis grundig beskriving og vurdering av dei 2 prosjekta, desse er ganske like.

- Sist men ikkje minst kjem vassdraga ganske likt ut i "Samla vurdering av småkraftutbygging i Fjærland" - Tverrdalselva får + 3 og Mundalselvi får +2.

Skilnaden på dei to dalføra er hovudsakleg at Mundalselvi har ein lengre anadrom strekning nedanfor kraftstasjonen (Alt 2) på ca. 3,8 km som ikkje vert påverka av utbygginga. Ein god del av turgåinga i dalen føregår langs denne strekninga til Heimastølen og retur.

Me vil med dette ikkje motarbeide andre prosjekt, men etterlyser lik vurdering av forholdsvis like prosjekt.

I vurderinga frå NVE er det og kome inn ein feil, det står at eksisterande veg til Heimastølen må oppgraderast. Det korrekte ifølgje konsesjonssøknad er at eksisterande veg til Heimastølen (skogsbilveg) treng mindre utbetringar nokre stader, og at eksisterande veg mellom Heimastølen og kraftstasjon alt. 2 (500m) må oppgraderast.

Grunneigarane vil og påpeike at sakshandsamaren for Mundalselvi, Solveig Silset Berg, ikkje deltok på synfaringa langs elva.

Grunneigarane langs Mundalselvi vil difor i samråd med Sognekraft AS fremja følgjande endringar:

- Ei utbygging utan:overføring av vatn frå Botnagrovi
- Velje kraftstasjonsplassering etter alternativ 2 (kote 115)
- Leggje kraftlinja som jordkabel deler av dalen langs eksisterande veg

Grunneigarane vil difor be Olje og energidepartementet sjå grundig på følgjande punkt:

1. Som beskrive ovanfor - likskap med vassdrag/dalføre som har fått konsesjon.
2. Det er ingen lokal motstand mot prosjektet, Fjærland bygdautval, Fjærland reiselivslag og Sogndal kommune har alle uttalt seg positivt til tiltaket.
3. NVE skriv følgjande i si vurdering av Fjærlandspakken: "På oppdrag fra kommunen har Luster Energiverk AS utarbeidet en rapport - Samla vurdering av småkraftutbygging i Fjærland - som kommunen legger til grunn for vurdering av småkraftutbygginger. NVE har lagt stor vekt på beskrivelser og verdsettinger i rapporten". Mundalselvi (utan Botnagrovi) er eit av vassdraga som kjem best ut i denne vurderinga med +2 (på ein skala frå-3 til +3), faktisk langt betre enn vassdrag som har fått konsesjon. (Botna 0, Romedøla -1, Lidal 0, Hatlestad 0 og Berge/Bjåstad 1. NVE kan difor ikkje ha teke omsyn til denne rapporten når det gjeld Mundalselvi.
4. Det er allereie i konsesjonssøknaden teke omsyn til tur/friluftsliv ved å legge røyr gata langs eksisterande traktorveg så langt den går og deretter krysse elva og forsetje opp til inntak på motsett side av tursti opp til fjellstølen. Ved å fremje dei 3 avbøtande tiltaka som nemnt ovanfor kjem ein innvendingane vedrørande natur/friluftsliv langt på veg i møte.
5. Anadrom fisk- ved å velje alt. 2 for kraftstasjonsplassering vert det heile 3,8 km med anadrom strekning nedafor. Den biologiske rapporten viser at dei beste gyteplassane finst langs denne strekninga. Rapporten om verknader på fisk konkluderer og med at over den planlagde stasjonsplasseringa er det "brukbare, men ikkje gode" gytetilhøve for anadrom

fisk. Gytesubstratet vert gradvis dårlegare frå kote 115 og opp mot endeleg vandringshinder. Det er difor litt uforståeleg for oss at denne strekninga på ca. 400 m frå stasjonsalternativ 2 til absolutt vandringshinder ved kote 160 med "ikkje gode gytetilhøve" skal vere avgjerande for fisken når det er 3,8 km med "gode gytetilhøve" nedanfor.

Ved å ikkje bygge ut Botnagrovi, vert det og tilført gjennomsnittleg 110 l/s til Mundalselvi ved ca. kote 160.

- 6. Selskapet Småkraft har i dag konsesjon på bygging av 6 småkraftverk ved Fjærlandsfjorden på til saman 108 GWh. Saman med krafta frå dei 3 kraftverka som har fått konsesjon i Bøyadalen skal produksjonen overførast gjennom ny linje til Grindsdalen i Leikanger. Me er kjent med at Småkraft ikkje har teke avgjerd om utbygging enno fordi dei vurderer heile prosjektet til å vere i grenseland økonomisk og at dei hadde håpa på større kraftmengde frå Indre Fjærland for å gjere utbyggingane i Fjærlandsområdet lønsame. Ei utbygging i Mundalselvi vil difor innverke positivt på dette, og det undrar oss litt at NVE ikkje ser på den økonomiske heilskapen.*
- 7. Det er i dag eit aktivt jordbruk i Mundalsdalen der 5 av dei 7 fallrettseigarane til elva er heiltidsbønder. Med stadig svekka rammevilkår for landbruket, vil ei utbygging, som gir grunneigarane fallrettsleige, få ein vesentleg innverknad for jordbruket her i framtida.*

Til slutt viser me og til vår uttale til saksframlegg frå administrasjonen i Sogndal kommune.»

NVEs vurdering av klagesaken

NVE kan oppheve eller endre vedtaket dersom NVE finner klagen begrunnet, alternativt oversende klagen til OED for endelig avgjørelse (jmfør forvaltningsloven § 33).

Begge klagere mener NVE burde gitt konsesjon til et alternativ uten overføring av Botnagrovi og med kraftstasjon på kote 115. Begge klagere trekker frem at vurderingene som er gjort i rapporten *Samla vurdering av småkraftutbygging i Fjærland* utført Luster Energiverk AS på oppdrag fra Sogndal kommune tilsier et lavt konfliktnivå for et redusert utbyggingsalternativ for Mundalselvi kraftverk.

NVEs vurderinger i vedtaket av 27.2.2015 er diskutert i KSK-notat 26/2015 og KSK-notat 20/2015. NVE er enige i begge klagere at en utbygging uten overføring av Botnagrovi vil ha mindre negative virkninger for landskap enn en utbygging etter hovedalternativet. I vedtaket er det vurdert at:

«En fraføring av vann i Botnagrovi vil være en vesentlig reduksjon i landskapsverdiene i Mundalen, mens en fraføring av vann i Mundalselvi vil ha mer lokale landskapsmessige virkninger».

NVE er også enig med begge klagere at en flytting av kraftstasjonen vil medføre mindre negative virkninger for anadrom fisk i Mundalselvi. I NVEs vedtak er dette vurdert:

«Endelig vandringshinder for anadrom laksefisk er på kote 160. De beste gyte- og oppvekstområdene for fisk ligger lavere enn kote 140. Kraftstasjonen til Mundalselvi kraftverk er planlagt på kote 93, og en anadrom strekning på omtrent 950 meter vil bli fraført vann. (...)

NVE mener en utbygging av Mundalselvi kraftverk vil føre til negative virkninger for sjørretstammen i vassdraget. Dersom det gis konsesjon til Mundalselvi kraftverk må det settes vilkår om flytting av kraftstasjon til over det anadrome vandringshinderet, samt installering av omløpsventil i kraftverket.»

NVE tolker klagen slik at begge klagerne er uenige, men aksepterer NVEs vurderinger av negative virkninger for landskap når det gjelder overføringen av Botnagrovi og negative virkninger for anadrom fisk når det gjelder plassering av kraftstasjon.

NVE er uenige med klagerne i at et redusert alternativ uten overføring av Botnagrovi og med justert kraftstasjonsplassering vil ha akseptable konsekvenser for allmenne og private interesser i vassdraget og at et redusert alternativ vil ha lik konfliktgrad som Tverrdalselvi kraftverk. Klagerne viser til *Samla vurdering av småkraftutbygging i Fjærland* utført Luster Energiverk AS hvor konfliktpotensialet for Mundalselvi er vurdert til 2 (middels) og Tverrdalselvi vurdert til 3 (lite). NVE har i vedtaket av 27.2.2015 lagt samlerapporten til grunn, men har påpekt at konfliktvurderingene må justeres basert på ny informasjon som er kommet inn siden 2006 da rapporten ble utformet. Mundalselvi var en av prosjektene hvor NVE mente konfliktvurderingene måtte justeres siden konsekvenser for friluftsliv ikke var tilstrekkelig vektlagt. Til sammenlikning har NVE vurdert at en utbygging av Tverrdalselvi er lite konfliktfylt for friluftsliv. NVE har lagt vekt på at det kun er inntaket til Tverrdalselvi som vil bli liggende innenfor områder som er kartlagt som viktig for friluftsliv. NVE vil også påpeke at det i Sogndal kommunes saksfremlegg til Tverrdalselvi er opplyst om at det generelt er lite ferdsel i området og at Sogn og Fjordane turlag har vurdert Tverrdalselvi kraftverk til å være lite kontroversiell. NVE påpeker at hele tiltaksområdet til Mundalselvi kraftverk ligger i et friluftsområde som er kartlagt i Sogn og Fjordanes *Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging*. Området er der gitt stor verdi for friluftsliv. NVE mener også at de tekniske inngrepene som følger med tiltaket vesentlig vil forringe opplevelsesverdien av området i lang tid. NVE vil også påpeke at det i Sogndal kommunes saksfremlegg står at Mundalen har stort potensiale for friluftsliv og at Sogn og Fjordane turlag går imot Mundalselvi kraftverk. NVE mener de negative virkningene for friluftsliv er så høye at det vil være i strid med OEDs retningslinjer for små vannkraftverk å gi konsesjon til Mundalselvi kraftverk.

Grunneierne påpeker i sin klage at det er en feil i NVEs vedtak hvor det står at eksisterende vei til Heimastølen må oppgraderes. Det riktige er at eksisterende vei fra Heimastølen må oppgraderes. NVE påpeker at feilen bare forekommer i sammendraget i dokument *KSK-notat nummer 26/2015*. Ellers i dokumentene er veien omtalt korrekt. Virkninger av oppgradering av vei var ikke avgjørende for noen temaer i NVEs vurdering av konsesjonsspørsmålet til Mundalselvi kraftverk.

Konklusjon

NVE kan ikke se at det i klagen er kommet frem nye opplysninger som gir grunnlag for å endre vårt vedtak av 27.2.2015. Klagen oversendes derfor OED til endelig avgjørelse (jmfør forvaltningsloven § 33). Alle sakens dokumenter gjøres tilgjengelige for departementet gjennom internettløsningen SeDok.

Med hilsen

Rune Flatby
avdelingsdirektør

Øystein Grundt
seksjonssjef

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

Vedlegg: Sakens dokumenter oversendes departementet via SeDok



Kopi til:

Sognekraft AS
Aamund Mundal